



Bergensarane trivs i Uskedalen. Her er dei fyrste deltakarane isom kom til helgas basecamp. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Stadig fleire finn at Uskedalen og så ikkje minst området rundt Fjellandsbø er eit friluftseldorado og det gjeld ikkje minst bergensarane. Denne helga får vi eit nytt døme på det Trass i ustadige vertilhøve deltek 35 sprekingar frå Bergen i ein basecamp ved Fjellandsbøvatnet. Det var fjellsportgruppa i Bergen Turlag som stod bak opplegget.

- Vi skulle ha vore fleire, men regnveret har fått nokre til å trekkje seg i dei siste timane, opplyste leiar Stig Anton Hordvik då deltakarane kom til Fjellandsbøvatnet fredag kveld og starta etableringa av telteiren. Men dei venta også etterkvart nokre delltakarar frå Stavanger,

Sjølve opplegget vart også noko amputert på grunn av vertilhøva. Til dømes fann dei det ikkje forsvarleg å gjennomføra ein introduksjon til klatring ute i det nyutvikla bolteklatrefeltet. Her skulle instruktørar ha vore i aksjon.

Heller ikkje vart det noko av den planlagde turen til toppen av Gygrastolen.

Naturleg nok satsa mange deltakarar i staden på ein tur opp på Ulvanåso og seks hadde meldt seg til vandring med ein erfaren breførar på Botnabreen.

Og før tilbakereisa til Bergen søndag blir det som programmet fortel ein tur på Melderskin.

Bergensarane held fram at Uskedalen er eit framifrå utgangspunkt for utflukter i heile området. Så satsar dei då også på ein fastare etablering på Fjellandsbø.

Av Ola Matti Mathisen